

Regionrådet i Hallingdal
v/ regionrådsleiar Jan Olav Helling

Søknad om støtte til 10. klassemesterskapet 2021

Skjærgårds Live ÅL (SG Live) har to gonger arrangert avslutningsfestival for alle 10. klassingar i Hallingdal på Badeplassen i Ål. Festen har vore avvikla torsdagen i den siste skuleveka (ca 20. juni).

På programmet har det vore koncert med ein toppartist, aktivitetar på land og på vatnet, konkurransar og sal av mat. Ved hjelp av gode sponsorar har det også vore premiar, der hovudpremien har vore ein topp utstyrt offroad-sykkel (levert av Tretterud Sport).

Arrangementet har tatt over for ei årrekke med ein fest i regi av ungdom, med til dels store utfordringar med fyll og bråk. Målet med arrangementet er nådd – ein rusfri fest for alle 10. klassingar der nærmere alle har delteke. På festivalen i 2019 var det om lag 200 deltakarar. 10. klassingar i alle kommunane var inviterte. Festen for 2020 vart dessverre avlyst, som mykje anna.

Me har vist at ein slik rusfri festival er mogleg å arrangere. Festivalen har vore gratis for ungdomane. Det har vore mogleg gjennom støtte frå lokalt næringsliv, enkelte kommunar, ungdomsråd, Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres og legatmidlar.

Me vender oss no til regionrådet med ynskje om å få fast støtte til arrangementet over tid. Dette for å gjere planlegging av arrangementet lettare og meir forutsigbart. Slik det har vore dei to åra me har arrangert festivalen, har me jobba iherdig og lenge med økonomien, før me kunne vere sikre på at arrangementet har vore mogleg å gjennomføre.

Arrangementet har eit budsjett på om lag kr 200 000,-, noko som inkluderer alt: artist, scene, aktivitetar, busstransport, DJ og utstyr. Sjå vedlagt budsjett. I tillegg er det lagt ned fleire 100 dugnadstimar for å få arrangementet i boks. I tillegg har me fått til eit svært godt samarbeid med FAU, foreldre, politiet, Røde kors mtp sikkerheit og skulane mtp promotering og informasjon om arrangementet.

Me satsar på 2021

Før me går i gang med å planlegge årets festival, ynskjer me å vende oss til regionrådet med spørsmål om støtte. Første året gjekk Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres inn og støtta arrangementet med kr 50 000,-. Andre året reduserte SpB1 støtta til kr 25 000,- og har signalisert at dei ikkje vil støtte med like store summar framover. Me fekk støtte frå to kommunar første året og fire kommunar andre året. Sjå vedlagt oversikt over støtte – dette viser stor oppslutning om arrangementet.

Me har fått støtte frå mange aktørar. Nokre har gitt uttrykk for at dei vil vere med å bidra til oppstart, men at dei ikkje har kapasitet til å støtte like mykje framover. Mange søknadar og mykje arbeid har resultert i balanse for prosjektet.

Tilbakemeldingane frå ungdom og foreldre har vore eintydig: dette er eit arrangement dei verkeleg ynskjer og ser som svært positivt for ei god avslutning, utan uro om kven, kva eller kvar dei skal ha avslutningsfesten sin – alle vil på Badeplassen! Der er det program og det er det trygt for alle.

Etter samtalar med kommunane, særleg rådmannen og ordføraren i Ål, SAFT (koordinerande eining mot rus) og politiet ber dei om at ein søknad vert retta til regionrådet.

Me i SG Live ÅL ynskjer gjerne å arrangere festivalen og til det treng me eit forutsigbart økonomisk grunnlag.

Regional støtte trur me er eit viktig signal og at dette ei flott markering å gje ungdomane etter 10. års skulegang. Festen er også på tvers av kommunegrensene – det ser me er veldig bra for ungdomane våre – dei blir betre kjent før ein del av dei skal møtast på vidaregåande.

Me søker med dette regionrådet om ei årleg støtte på kr 150 000,- til arrangementet.

Smittevern

Dersom det blir mogleg å gjennomføre arrangementet i 2021 vil me ta omsyn til dei til smittevernreglar som til ei kvar tid måtte gjelde. Me vil også ha tett kontakt med komunelegen i Ål for å få godkjent smittevernplanar for arrangementet. Dette vil også påverke økonomien i arrangementet og lagt inn i budsjettet for 2021.

Ordførar i Ål, Solveig Vestenfor, gav oss denne tilbakemeldinga i 2019:

Som ordførar, ungdomsskulelærar og tenåringsmor har eg med stor begeistring vore vitne til avslutningsarrangementa på badeplassen på Ål dei to siste somrane.

Arrangøren Skjærgårdslive Ål har med ungdommeleg stil og entusiasme lagt grunnlaget for at ungdomane skal trivast, oppleve inkludering og bli kjent med jamaldringar frå heile Hallingdal.

Dei negative erfaringane frå tidlegare år i Ål, gjer at eg verkeleg verdsett dette initiativet frå eigne innbyggjarar.

Eit rusfritt arrangement, der mange private aktørar bidreg, gjer at 10.trinnsfestivalen får eit svært godt omdømme. Elevane sjølve er i feststemning, og det er lett å skjøne. Med proffe musikarar, matsal, leik, underhaldning, godt vakthald og frivillige organisasjonar til stades, er det berre å ta av seg hatten. Arrangøren brukar så mykje av eiga fritid til å lande denne festivalen.

Eg oppfordrar difor kommunane i Hallingdal til å gje ein fast tilskot, slik at ein del av budsjettet er føreseieleg.

Det fortener ungdomen i Hallingdal!

Beste helsing

Solveig Vestenfor, ordførar i Ål

Dersom de ynskjer meir informasjon om festivalen og økonomi, er det berre å ta kontakt! Me håpar på positivt svar på søknaden.

Med beste helsing

Skjærgårdslive Ål

Kjetil Vesterøy, Odd Egil Kaslegard, Eirik Laa, Øystein Kilde, Jon Birger Joranger, Camilla Svanåsen Joranger, Marit Haug Noss og Terje Nordal

Vedlegg 1: Budsjett 10.klassefestival 2021